

Kjære Surnadal kommune.

Dette er eit høyringssvar til "Forslag til effektivisering og moglegheiter for innsparing i oppvekstsektoren."

Vi skriv til dykk som privatpersoner, i rolla av å vera foreldre til fire barn med tilknytning til Mo oppvekstsenter.

Tankespinn, uro over framtida, er noko som beskriv kva som har blitt sett i gang etter at det kom forslag om å legge ned grendaskulane for å spare pengar, der Mo oppvekstsenter er foreslått nedlagd i alle tre alternativa. Dette har vi bruka mykje energi og frustrasjon på, ungane blir usikre, og vi tenkjer på arbeidskvardagen til lærarane på grendaskulane. Det fører til mykje tankar som svirrar i hovudet, og tar om mogleg vekk fokuset som burde vore hundre prosent på det arbeidet ein skal gjera.

Vi har full forståing for at kommunen har eit ansvar for å redusere meirforbruket for å få økonomien i balanse. Men det er vanskeleg å godta at det skal medføre at grendaskular blir lagd ned. Er det mogleg å samarbeide noko på tvers av grendaskulane? T.d. rektor, einigsleiar, reinhaldar, vaktmeister?

Kvifor legge ned noko som ein er fornøgd med? No kan vi snakke for vår eigen del, og vi er svært nøgd med kvaliteten på det faglege på Mo oppvekstsenter per i dag. Vi veit at FAU på Mo har arbeida for å få den faglege kvaliteten opp, og det kjenner vi, i forhold til våre egne barn, at dei har lukkast med. Det er små klassar, med blanda alderstrinn, men vi opplever at dette fungerer i praksis. Tenkjer også at det kan vere eit fortrinn som små skular har. Det er mykje læring i å ta hensyn til kvarandre, og hjelpe kvarandre og at ein får til å fungere som ei gruppe på tvers av ulik alder.

Tryggheit er eit viktig ord for oss som foreldre. På Mo oppvekstsenter så veit vi at alle våre fire barn blir godt ivaretatt iløpet av dagen, og vi veit at vi får beskjed om det er noko. Ting blir tatt tak i og rydda opp i umiddelbart. Vi kan om nødvendig fylgje barnet vårt til skulen, og det har vi gjort mykje med vårt tredje barn. Ho har hatt behov for tryggheit, og det tar tid, noko som gjorde at vil følgde ho til skulen i fleire månadar, og også ennå ved behov. Det er fint å sjå at ho kan få blomstre i eit trygt, lite og oversiktleg miljø. Trygge, faste ansatte er heilt essensielt for at det skal gå bra for ho på skulen.

Grunnlaget for læring er trygghet. Er ikkje eleven trygg i det miljøet den er i, blir det ei utfordring for læring. Trygge oppvekstvilkår som gir forutsigbarheit for eleven er viktig. Spesielt i barneskulealder. Barna våre treng ein god start som dei kan dra med seg heile

sitt vaksne liv. Det å bli sett og møtt på sine følelsar og behov vil vi tru er lettare å få til i eit lite og oversiktleg miljø, enn i eit større.

Så kan ein stille seg spørsmålet om grendaskulane kan bli for små, at det sosiale miljøet kan vera for lite. Det trur vi at det kan vere om du er «uheldig» og kjem i eit lite årskull. Men du kan også vere «heldig» og ha mange på ditt kull. Dette varierer. Men det vi opplever som sårbart er at elevar kan søkje seg til Subus sjølv om det ikkje er den dei har rett til å gå på ifht avstand til nærskulen. Dette kan få uheldige konsekvensar, at fleire vil bytte skule fordi at det er nokon som gjer det, og da sett ein grendaskulane i ein uheldig posisjon. Dei treng kvar ein elev som soknar til skulen. Her burde unntaket vere om det er mobbing som ligg til grunn, men da er det kanskje ikkje rett at det er den som blir mobba som skal flyttast?

Fordelen med små miljø er at ein må lære seg å fungere ilag sjølv om ein er forskjellig. alle må ta hensyn til kvarandre og alle blir sett. Det er også lettare å fange opp mobbing på eit tidleg stadie. Og kontakten mellom foreldre og lærarar fungerer godt.

For vi som foreldre kjennes det som ein uoversiktleg situasjon å sende barna våre med buss frå Kvammen i Øvre Surnadal til Skei. Det er mykje trafikk og mange barn og ungdommar. Det er mykje som er samla på eit område på Subus. Barna skal vera trygge i trafikken til og frå skulen. Det blir lenger reiseveg og mykje meir å ta hensyn til frå buss til skulen og motsatt. Vi har heller ikkje mulighet for å køyre barna våre til skulen ved behov om dei startar på Subus. Vi veit også at det blir vanskeleg, særleg for det eine barnet vårt, og forhalde seg til eit såpass stort miljø, og ta buss aleine. Det ser vi rett og slett mørkt på. Her er den store fordelene ved å ha skulen nært, da kan vi gi barna våre den tryggheten dei treng for å få ein god start i livet.

Alt blir lengre for oss som foreldre om alle barna skal til Skei. Vi driv gard, og enkelte dagar må vi ha hjelp for å hente ungar på SFO og i barnehage. Terskelen for å spørje om hjelp vert høgare og det kan verte vanskelegare å få nokon til å hjelpe seg. Vi har allerede ein pressa kvardag for å få alt til å gå opp. Ungane våre er slitne etter ein dag på Mo opvekstsenter, da tør vi ikkje tenkje på korleis det vil bli om dei får lenger reiseveg, og korleis skal dei ha krefter igjen til å bli med på fritidsaktivitetar?

#Barn med store og samansette behov har auka betydelig på kort tid» står det i høyringsuttaletsen. Kva skuldast dette? Og er det da lurt å sende enda fleire elevar til Subus?

Dykk i kommunestyret er folkevalt. Befolkninga i Surnadal kommune har stemt på dykk. Ein treng ikkje vere rakettforskar for å fange opp kva befolkninga i Surnadal meiner ifht å flytte grendaskulane til Subus. Alle kjempar for skulane sine, i nærmiljøet sitt. Her er det snakk om verdien i skulen som ein institusjon i seg sjølv og ringverknadane den fører med seg i eit lite lokalsamfunn. Den verdien kan ein aldri spare inn i kroner og øre.

Vi kan utsette helsehus, kan næringsliv og bank støtte t.d. hotellet, alpinanlegget, fotballhallen eller kulturhuset? Vår bønn er at dykk ikkje sparar på bekostning av barna våre. Skulen må vi ha, og at vi har meir enn ein barneskule i Surnadal kommune er nødvendig med tanke på dei lange avstandane her i kommunen.

Ingen vil legge ned grendaskulane og dei som arbeidar på Subus seier mellom anna at dei er bekymra for muligheten til å sjå alle elevane når det blir store klassar, rom som ikkje skulle vera brukt til undervisning må vike pga plassmangel og trafikksituasjonen er for farleg. Da har vi eit dårleg utgangspunkt for samanslåing.

Kan det sparast ein annan stad enn å gjere så drastiske tiltak som det er å legge ned grendaskulane? På Mo oppvekstsenter er barnetalet stabilt. Da må vi flyte på den bølga og heller gjera det attraktivt å komme til Mo oppvekstsenter, for barna våre har det bra der.

Med venleg helsing

Ingunn og Olav Meisingset,

med ei klar oppfordring til politikarane, lytt til folket i Surnadal kommune!